



Årsmelding 2024

1. Årsmøte

Årsmøte vart halde 13. mars i Voss kulturhus.

2. Styret i Voss kulturråd var i meldingsåret samansett slik:

Styreleiar:	Olav Seim
Styremedlemmer :	Laila Rynning Veum (nestleiar)
	Anny Fortun (styremedlem)
	Sanita Balode (styremedlem)
	Rannveig Djønné (styremedlem)
Varamedlemmer:	Anne Arneberg
	Øystein Dahl
Valnemnd	Bridget Penny, leiar
	Gunnar Folkedal
Revisor:	Margunn Blikkberg Nordgård

3. Styret sitt arbeid

Styret har arbeidd med utgangspunkt i handlingsplanen for 2024. Mykje er gjort og anna er kome til. Styret har møtt hovedutval for kultur og næring om vår rolle og våre ynskje som aktør i lokalsamfunnet. Styret har kompetanse og erfaring som er nyttig og nødvendig for kulturarbeidet i heradet.

Fylkeskommunen sitt forslag om nedlegging av estetiske fag på Voss.

Då denne saka kom opp, inviterte Voss kulturråd medlemmene til informasjonsmøte om saka.

Etter møtet vart det sendt uttale til Vestland fylkeskommune – som er vedlegg til årsmøtedokument.

Voss kulturkalender

Voss kulturkalender vart lansert av Voss kulturråd i samarbeid med systemutvikler Terje Nesthus i 2018. Denne fungerte fint som kulturkalender og arrangementsplanleggjar i sju år, før den vart lagt ned på slutten av 2024. Voss herad ynskjer no å overta domenet. For tida er det Friskus-kalenderen som fungerer som kulturkalender.

Kulturprisen 2024

Kulturrådet si innstilling vart teken til fylgje i 2024. Prisen vart utdelt 7. desember under Fossegrimen sin konsert i Nain.

Ny kulturplan

Styret har hatt møte med kultursjef der kulturrådet fekk orientering om Voss herad sin temaplan kultur 2024 – 2032.

Andre fora/saker der styret har delteke:

- Skiping av Vestland kulturråd. Voss kulturråd møtte med tre representantar på møte i Sogndal. Voss kulturråd sin leiar er 1. vara til styret.
- Styreleiar/nestleiar har møtt i fleire møter i Frivilligforum.
- Voss kulturråd har møtt i Ekstern referansegruppe – som gjeld revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel KPS.
- Voss kulturråd har ein representant i referansegruppa for Gamlekinoen – som har hatt eit oppstart- og innspelmøte i år.
- Voss herad har søkt om å verta Norges kulturkommune i 2025 – Voss kulturråd har gjeve støtteerklæring til søknaden.
- Utval for kultur og næring inviterte Voss kulturråd v/leiar med på studietur til Bergen og møte med Vestland fylkeskommune. Frå kulturrådet møtte Laila Rynning Veum.
- Voss herad har oppretta eit samarbeidsforum der Voss idrettsråd, Voss kulturråd og frivilligsentralen møtes. I 2024 har samarbeidsforum hatt to møte.
- 17. desember var Voss kulturråd invitert, saman med andre frivillige lag og organisasjonar i Voss herad, til samkome med Hersadsstyret der Voss herad si fritidserklæring vart signert.

Granvin Voss 03.03.2025

Olav Seim, leiar

HØYRINGSSVAR TIL VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Voss kulturråd er sterkt imot ei nedlegging av estetiske linjer på Voss. Me meiner forslaget er dårleg distriktpolitikk og kortsiktig samfunnsøkonomi.

Åra på vidaregåande er ein svært viktig fase i elevane sine liv, og trivsel og meistring er viktig for å motvirke fråvær og fråfall. Det føreslege tilbodet om studiespesialisering er lite aktuelt for mange elevar. Pendling til Bergen eller hybelliv på Sandane er heller ikkje eit godt alternativ.

Nedleggingsforslaget er eit **distriktsfiendtleg framlegg**, som tappar indre Vestland for viktige, kreative studietilbod. Fylkesordførar Jon Askeland uttalar til Dag og Tid fredag 3. mai at det ikkje er tvil i hans sjel om at lokalsamfunn som mistar lærarkreftene i MDD-linjene, «vil få langt svakare kulturtilbod og dermed vera mindre attraktive lokalsamfunn». Kultur er viktig for folk sine gode liv, og nedlegging av estetiske linjer vil vera ein kulturell utarming av lokalsamfunnet. Om kunstfaga forsvinn, forsvinn også ein dyrebar lærarkompetanse frå bygda. Kulturlivet i distriktet er eit stort økosystem, der alt heng saman og er sårbart. Kulturlivet treng fagfolk. På Voss ligg alt til rette med nye og fine skular og dyktige faglærarar. Det øvrige kulturlivet er med på å gjera staden attraktiv òg som skulestad.

Voss er ein av dei få kommunane i indre Vestland med folkevekst, og tilflyttarar oppgjer at kulturlivet på Voss gjer staden attraktiv å bu. I staden for å leggja ned MDD-linjer, bør fylket vurderer å oppretta slike tilbod fleire stadar. For, som Rektor ved Noregs musikkhøgskole, Astrid Kvalbein seier i same artikkel i Dag og Tid: «(...) blant studentane våre er det eit stort fleirtal som har gått musikklinje først. Alt som svekker lokalt kulturliv, svekker tilveksten både av topputøvarar og av dei som blir kulturarbeidarar, publikum og aktive eldsjeler når dei flyttar heim igjen». Det kreative studietilbodet på Voss gjev mykje tilbake til lokalsamfunnet og har ringverknad for kulturskulen, korps og kor, og organisasjonslivet elles.

Det er truleg svært dårleg samfunnsøkonomi på sikt å undergrava mangfaldet i studietilbodet i distrikta. Det vil få negative konsekvensar for einskildelevar og for lokalsamfunnet, men mistrivnad og fråfall i skulen er fyrst og fremst svært dyrt for samfunnet i eit større perspektiv.

Voss kulturråd meiner at det heller ikkje er haldbart at dei estetiske linjene på Voss er truga med nedlegging så hyppig. Det er ein lite føreseieleg situasjon for gode lærarkrefter og for elevar som lurar på å søkja seg dit. Politikarane må hugse sine eigne festtaler om at elevar skal ha tilgang på varierte opplærings- og linjetilbod i sine nærområde. Og at ein ynskjer **sterke regionssentra**.

Voss, mai 2024